# Helgedagen

DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2020 52. årg.



## Prost Kjell Børge Tjemsland blir pensjonist . Intervju - s. 6









Spreke sommarminne side 4
Kurs i å stå på vatnet side 8
Den bortkomne ringen side 10
Julemessa på Undheim side 12

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Barne- og ungdomsdiakon
Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582
Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

**Time**
Sokneprest vikar Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Klokkar: Øivind Njølstad Egeland
Kyrkjetenar ved gravferd: Marko Sundt tlf. 951 17 574
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Barne- og ungd.arbeidar
Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Administrasjonleiar:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77
Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar
Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik
Kyrkjetenar helg:Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

# Til ettertanke

## Bevares best gjennom bruk



***Foto: Herraez / Adobe Stock***
*(Fra nettsida: https://www.ancient-origins.net/ancient-places-europe/segovia-aqueduct-0012747)*

Segovia er en by med drøye 55.000 innbyggere i Spania. Den ligger om lag en time med bil, nord for Madrid. For mer enn 15 år siden fikk jeg muligheten til å besøke denne byen. Det er ikke så mye jeg husker av alle inntrykkene, men den berømte akvedukten har festet seg til hukommelsen. Den er litt av et syn - et underverk av romersk ingeniørkunst! Vannbroen ble bygd i år 109 etter Kristus. I atten hundre år brakte den kjølig vann fra fjellene til en varm og tørst by. Nesten 60 generasjoner drakk av vannet.

Det kunne gått riktig galt for noen generasjoner tilbake. Istedenfor å bli bevart gjennom bruk, ville innbyggerene omgjøre vannbroen til en turistattraksjon og museumsgjenstand. Moderne rør skulle erstatte tilførselen av vann fra fjellene. Resultatet ble at solsteiken fikk sement og stein til å forvitre. De mange århundrene med tjeneste kunne ikke ødelegge, bare det å miste tjenesten.

Slik er det også ellers i livet. Kroppene våre bevares best gjennom bruk. Når høsten kommer vil det være behov for at flere stiller villig opp til dugnad og tjeneste i menigheten. Det beste rådet vi kan gi hverandre er å ikke stille seg passiv avventende, men selv å ta initiativ. Du vokser ved å våge deg utenfor egen komfortsone. Ikke vent med å bli spurt om en tjeneste. Gjør som profeten Jesaja. «Jeg sa: Jeg! Send meg!» (Jes 6,8).



***Yngvar Nilsen***

***Framside. Frå avskjedsgudstenesta på Bryne 30. august 2020: - Foto: Jostein Aarbakke Tollaksen***

**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@gmail.com innan 2. novembert 2020.
Neste nr. kjem ut ca. 3. desember 2020.

# Min salme

“... Salmen er en trosbekjennelse, en bønn om kraft til å følge hans vilje, og en påminning om alt vi har som Guds barn.”



Astrid Tjemsland

## Herre, til deg får jeg komme

*Herre, til deg får jeg komme,*
*stille meg åpen for deg.*
*Jeg kan ikke skjule det minste,*
*du kjenner hver tanke i meg.*
*Men enda du vet om min skrøpelighet,*
*får jeg likevel komme som jeg er.*
*All din tale er sann,*
*og den gjør at jeg kan*
*være trygg på at du har meg kjær.*

*Herre til deg kan jeg bringe*
*alt det som tynger min sjel.*
*Ja, du vil ta byrdene fra meg,*
*du kommer og bærer dem selv.*
*Min skyld tok du med*
*på ditt kors da du led*
*for at jeg skulle leve og ha fred.*
*Å, jeg ber at du må*
*gi meg kraft til å gå*
*der hvor du, Herre, gir meg beskjed.*

*Herre, til deg får jeg komme*
*når mine dager er slutt.*
*Tenk, da skal jeg bo i din himmel*
*med alle som tror på deg, Gud.*
*Så trygt å få tro*
*at bønnenes bro*
*viser veien som leder dit du er.*
*Men mest er jeg glad*
*at de løfter du gav,*
*gjør meg trygg på at du har meg kjær.*

*Tekst og melodi: Christer Hultgren*
*Oversatt: Vidar Kristensen*

Å velge seg EN salme er ikke enkelt. Salmeboka er ei skattkiste av nydelige tekster, både til å synge og lese. Vi bruker den både til takk og lovprisning, og til bønner for å sette ord på ulike behov og ønsker vi har som troende. Salmeboka er fin å bruke i eget andaktsliv, jeg vil gjerne også anbefale Norsk Bønnebok, som står etter salmene.

Nå måtte jeg velge én salme, og da ble det nr. 497: «Herre, til deg får jeg komme.» Den står i den delen av salmeboka hvor vi finner salmer om Guds nåde i Jesus Kristus, og under overskriften «Trygghet og glede». Her henvender vi oss i teksten til Gud i bønn, og med ordene i salmen får vi uttrykke vår egen tro, og gleden ved å være Hans barn.

Denne salmen minner oss sterkt om at Guds kjærlighet til oss er på tross av, og ikke på grunn av noe i oss selv. Vi trenger ikke gjøre oss fortjent til den, Han elsker oss akkurat slik vi er. Denne vissheten er en trygghet jeg hviler i. Så selv om det er mange ting jeg ikke forstår av alt som diskuteres og drøftes om tolkninger av Bibelens innhold, vet jeg at Guds kjærlighet til oss står fast.

Videre kan vi komme til ham med alt som tynger. Han går med oss, og vil bære byrdene. Han har selv tatt vår skyld på seg, og med det gitt oss fred. I salmen ber vi også om kraft til å gå dit Han vil, og vi vet at der Gud viser oss veien, er Han selv med.

I det siste verset står det om vissheten at også framtida vår er hos Han, når livet her er slutt. I liv og i død er han med oss, og vi skal få være hans. Det er «bønnenes bro» som leder oss til Ham, og vi kan glede oss over løftene som viser Hans kjærlighet.

Salmen er en trosbekjennelse, en bønn om kraft til å følge hans vilje, og en påminning om alt vi har som Guds barn. Den gir meg nettopp trygghet og glede, slik det står i overskriften.

## Vegen tilbake til Gud

*”For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!”* Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.
Amen

# SPREKE SOMMARMINNE



*Annbjørg, Jorid og mor prøver fiskelykka*

***Ferie til" lands og vanns", høgt og lågt - opplevingar og meistring. Familien Erga på Bryne blar i minneboka frå sommaren.***

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD
FOTO: PRIVAT

## Sprekingar

Gudrun Marie, Trond Arild Erga og jentene - Annbjørg, 6 år og førsteklassing, og Jorid snart 5 år, reiste til Oslo ei veke i sommar. I hovudstaden let dei seg freista av ulike fysiske utfordringar.

I Oslo Klatrepark fekk iallfall Annbjørg utfolda seg. Ho hang i sele og flytta seg ved hjelp av carabinkrokar. Klatretur vart avslutta i Zipline for å koma seg ned igjen.



*Annbjørg i lause lufta*

Annbjørg kjende ingen sommarfuglar i magen. I Frognerbadet fekk dei forfriskande bad og somme litt sug i magen.

- Eg hoppa frå 3 meteren, fortel Annbjørg.

- Me reiste med trikk, legg Jorid til mens ho hoppar rundt. - Det var kjekt.

- Og så tok me T-banen under jorda, seier Annbjørg.

Jorid var enig med seg sjølv om at hårstrikk, leppepomade, godteri og pizza var viktige minne frå Oslo.

Beste minnet hadde Annbjørg frå Klatreparken.

## Fiskestudium

Familien har òg vore på hyttetur hos mormor og hos farmor.

Fisketur på mormor si hytte gav fin fangst. Jorid ein makrell og Annbjørg ein aure.

*- Kva fisk lika de best?*

-Eg likte nesten ingen, svarer Jorid. Annbjørg likte best auren. Fiskebeina var ikkje populære.



*Fiskelykke:1 aure og 1 makrell*

Jentene gjorde saman med mor eit lite studium av fiskane sine tunger. Mor opna munnen på fiskane, og jentene kjende på tungene og konstaterte raskt at auren var kvass på tunga, mens makrellen hadde glatt og sølvfarga tunge. Greitt å vita. Jentene syntest det var greitt å halda dei døde fiskane.

➔

# Bibelkveldar 2020

## «Eit levande håp»

Bryne kyrkje kl. 19:00 — 21:15

Bryne Kyrkja

| Tid | Tema | Foredragshaldar |
|---|---|---|
| 29. sep | ***Eit bibelsk perspektiv på håpet***<br>Korleis talar Bibelen om håpet vårt? | **Jens Olav Mæland**<br>Tidl. lærar ved Fjellhaug intern. høgskole og prest i DnK |
| | ***Finst det framtid og håp?***<br>Den unge generasjonen i håpsklemme. | **Veronika Stormark**<br>Teolog, erfaring frå arbeid i Laget i Stavanger |
| 13. okt | ***«Håpets kraft»***<br>Ei brutal verd! Nyttar det å hjelpa i krise? | **Jørn Lemvik**<br>Tidl. gen.sekr i Digni; har jobba med globalt bistandsarbeid |
| | ***Misjon som håpstenning*** | **Kjetil Aano**<br>Tidl. misjonær og gen.sekr. i NMS, prost i DnK |
| 27. okt | ***«Gi mine øyne lys!»***<br>Håpsord gjennom mørke. | **Vidar Mæland Bakke**<br>Prest i Bymenigheten, Sandnes |
| | ***I møte med håpløyse***<br>Korleis møta menneske som slit og ikkje ser nokon utveg? | **Tom Krager**<br>Erfaring som feltprest, no sjøforsvarsprest i Stavanger |



***Annbjørg er ei jente med hjarte for utfordringar***

## Tur på to hjul

Medan dei var på hytta hos farmor, kom eit søskenbarn på overnatting, og det var stas. Familien sykla ein dag frå Hellvik til Egersund.

- Eg sykla heilt åleine, fortel Jorid ivrig.

- Ja, du er flink å sykla, fastslår far.

Og så blei det togtur tilbake.

## Firbeinte venner

Sjølv om kaninane Lilje og Kanini kom inn i familien før ferien, har stell og kos med dei to mjuke nøstene og vore meiningsfull ferieaktivitet. Både jenter og kaninar likar trampoline!

## Bratt avslutning på ferien

- Ferieopplevingane er ikkje heilt ferdige endå, seier mor. Tur til Månafossen og overnatting i telt på Mån, er planlagt ein av dei nærmaste dagane.

Hausten står døra. For Annbjørg blir det oppstart i 1. klasse på Bryne skule, i same klasse som venninna Mari, frå barnehagen. Jorid går i Espirea Ree barnehage og gler seg til å treffa Eva igjen.

Familen Erga har nytta ferien godt, og fylt på med gode felles opplevingar som gir varige minne til store og små. Hausten står ubrukt og myke ukjent og spanande ventar.



***Annbjørg, far og Jorid - glade turistar i Oslo***

Lykke til!

# KJELL BØRGE TJEMSLAND

***31.august vert prost Kjell Børge Tjemsland pensjonist og flyttar tilbake til Sandnes, nærmare bestemt Bogafjell der han og kona har hus.***

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD



*-Kva var det som vekte interessa di for å søkja stilling på Jæren og i Time kommune?*

-Eg hadde gode år ved bispedømekontoret i Stavanger, men eg kjende nok på at eg sakna meir og meir av kontakten med kyrkjelydsarbeidet, få møta folk og kyrkjelyd meir ansikt til ansikt, i kvardag og fest. Så vart stillinga på Jæren lyst ut, og sjølv om eg er fødd og oppvaksen nordanfor Skjævelandsbrua, reknar eg meg som halvt jærbu. Farfar min kom frå Varhaug. Eg har alltid vore stolt av dei jærske røtene mine! Derfor var det nokså naturleg for meg å søkja prostestillinga på Jæren då ho vart ledig i 2009 etter Anne Sofie Haarr.

*-Kva er arbeidsoppgåvene for ein prost?*

-Eg er tilsett som prost i Jæren prosti, og det betyr då at eg har ansvar for prestetenesta i kommunane Hå, Time, Klepp og Gjesdal. Prostiet er delt inn i 12 sokn med kvar sin sokneprest. Desse har eg arbeidsgjevaransvar for, i tillegg til fengselprestane på Åna og i Stavanger. Det er òg 3 fellesrådstilsette prestar som inngår i kollegiet, så det er ein heil gjeng «å halda styr på». Flotte folk alle saman, med ulike talent og evner som utfyller kvarandre på ein svært så god måte! Dei administrative oppgåvene utgjer 50% av stillinga. Den resterande tida går med til vanleg presteteneste, og så får eg oppleva å møta ulike kyrkjelydar i prostiet gjennom 2-3 gudstenester i månaden. Det siste set eg umåteleg stor pris på!

*-Koss vil du oppsummera åra dine på Jæren og i Time?*

-Ei kjempeflott tid! - Det har verkeleg vore gjevande år, noko av det beste i mi presteteneste. Eg har møtt inspirerande kyrkjelydar med stor breidde i arbeidet. Entusiasme og stå-på-vilje. Hug og ønskje å prøva ut nye tankar og idear innanfor den liturgiske fridomen me har. Fellesskapet har òg betydd mykje for meg, og ikkje minst samarbeidet med kollegaer og dei tilsette i stabane. Fantastiske folk som står på saman med eit utal av frivillige! Dugnadsånda lever sanneleg enno på Jæren!
Eg vil og trekkja fram politikarane og administrasjonane i kommunane på Jæren og gje dei ros for den positive haldninga dei har til kyrkja og det kyrkjelege arbeidet. Me er heldige som har det slik!

*-Ser du utfordringar for Den norske kyrkja i åra som ligg føre oss?*

–Eg er optimistisk på kyrkja sine vegne, og ser tydeleg at kyrkja må endra seg – i takt med tida og utviklinga elles i samfunnet. Me må ta i bruk nye metodar for å få bodskapen ut. Her er trusopplæringa uhyre viktig og må satsast på framover. Dåpstala er på veg ned, og i deler av landet vert det stadig færre som vil konfirmera seg. Det er ikkje vanskeleg å finna negative trendar, men me må ikkje mista motet. Den norske kyrkja skal ha ein viktig plass i det norske samfunnet òg i åra som

→

**Kjell Børge Tjemsland**

Fødd og oppvaksen i Sandnes, saman med ei eldre søster. God og trygg heim der far var smed og mor var heimeverande så lenge ungane var små.

Opplevde tidleg misjonærkall. Ferdig med teologistudiet i 1979. Ordinert som misjonsprest av biskop Lunde.

Feltprest i Stavern før språkstudium i Brighton frå våren 1981. NMS- misjonær i Hong Kong frå sommaren 1981 til jul 1992. Kapellanstilling i Gand 1993-2001 før det vart misjonskonsulentstilling på bispedømekontoret i Stavanger frå 2001 til mai 2009 - då ferda gjekk vidare til prostestillinga i Time.

Gift i 1976 med Astrid frå Risør - som han trefte då han gjekk eit år på Sagavoll Folkehøgskule etter vidaregåande. Dei har fire born og 7 barnebarn.

# TIDEBØN

## Ro over dagen din – rytme i bøna di

### Kveldsgudsteneste-serie

**Bryne kyrkje hausten 2020**



***Denne hausten opnar Brynekyrkja ei dør inn i det store skattkammeret som kyrkja sin tidebønstradisjon er. 4 sundagskveldar med dei 4 mest brukte tidebønene gjennom ein dag. Morgonsong - middagsbøn - aftansong - kveldsbøn.***

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Denne hausten opnar Brynekyrkja ei dør inn i det store skattkammeret som kyrkja sin tidebønstradisjon er. 4 sundagskveldar med dei 4 mest brukte tidebønene gjennom ein dag. Morgonsong - middagsbøn - aftansong - kveldsbøn.

Ein av tankane med kveldsgudstenesteserien er å inspirera til personleg og felles bruk av tidebøner.

**Morgonsong** – laudes
vart presentert og opplevd **23.aug**.

**Non** – middagsbøn
**27.sep.** - med føredrag av Harald Grønnevik: Ny tidebønstradisjon i retreat og pilgrimsvandring

**Vesper**– aftansong
**11.okt.** - der pensjonert domkantor Arne Hadland fortel om musikktradisjon i tidebøner.

**Completorium** – kveldsbøn
**22.nov.** - med føredrag av Valfrid Botnen: Personleg bruk av tidebøn og bibelske salmar.

---

kjem – og me kan alle vera med på å få det til – kvar på vår plass.

*-Kva ønskjer du Helgedgen sine lesarar skal hugsa deg for?*

- Det er ein ting eg har prøvd å få fram i tenesta mi som prost på Jæren, og det tek utgangspunkt i dei tre S-ane:

-Stolt av Jesus
-Sendt av Jesus
-Sjå som Jesus

Eg håper noko av dette har vist att i prestetenesta mi desse åra i Time.

*-Til hausten er du pensjonist. Kva tenkjer du om det?*

-Klart det vert ein overgang – på mange måtar. Me flyttar jo tilbake til Bogafjell der me har hus som ventar på oss. Det treng stadig vedlikehald. Reknar med at eg får meir tid til trening (springing og sykling). Liker godt praktisk arbeid, og har planar om å gå i gang med bygging av eit skikkeleg arbeidsrom der eg han få utfolda meg med snekring og anna praktisk arbeid, kanskje ta opp litt smedarbeid etter far og farfar?

Så har alt prosten i Sandnes vore frampå at dei stadig treng vikarar, så eg vert nok å sjå i enkelte kyrkjer på søndagar utetter hausten og vinteren. Har ikkje tenkt å hengja vekk prestekjolen med det første.

Og ikkje minst – meir tid til barn og barnebarn. Det er noko Astrid og eg verkeleg ser fram til!

# BRYNEKYRKJA ARRANGERER KURS I Å STÅ PÅ VATNET

***For tredje år på rad arrangerte FamilieFokus i Brynekyrkja og SurfSchool surfekurs på Jærstrendene i starten av juni.***
***Spenninga var stor om det i det heile var mogleg å arrangera kurs i år - midt i "koronatida".***
***Det var knytt spenning til om me i det heile teke fekk lov, og om nokon ville gje seg ut på dette med all usikkerhet som rådde i samfunnet.***

TEKST: JOSTEIN AARBAKKE TOLLAKSEN
FOTO: MARIT HØIE HETLAND

Då SurfSchool kunne legga fram alle naudsynte godkjenningar, og garantera at alt utstyret var klora og desinfisert godt og grundig på førehand, opna Brynekyrkja for påmelding. Gleda var difor stor då det viste seg at i underkant av 30 melde seg på - berre nokre få færre en i fjor.

- *Trond Arild Erga - kvifor arrangerer Familiefokus surfekurs?*
- Me gjer ein del tiltak for å styrka fellesskapet i kyrkjelyden. Det har synt seg at surfing er ein aktivitet som fungerer godt på tvers av alder. Både barn, ungdom og vaksne kan vere i lag og ha glede og utbytte av den same aktivteten. Og så treffer me folk i frå kyrkjelyden i ein heilt annan setting enn det me gjer til vanleg, og det er ein god ting. Me lærer å kjenna litt fleire sider ved kvarandre. Og så er det jo kjempegildt, legg Trond Arild til.

- Dette kan òg vere sosialt for foreldre, søsken og andre som fylgjer med til stranda for å sjå på. Dette året var ikkje vêret heilt topp, så "heiagjengen" på land var relativt liten - men entusiastisk.



***Deler av gjengen i bølgene***



***Gjengen frå Brynekyrkja på surfekurs***

- Surfekurset er òg enkelt å organisera. SurfSchool stiller med alt av nødvendig utstyr og instruktørar, og me stiller med motiverte og lærevillige surfarar. For 300,- pr. deltakar får me låna alt me treng av utstyr og får god opplæring av proffe instruktørar.

Me spør Hans Tore Hetland - ein far med 2 born på kurset:
-*Kva er det som er så gildt med surfekurs?*
- Surfekurs er ein kjekk aktivitet å gjera i lag med familien og det passar i grunnen like godt både for små og store. Og så er det noko kjekt med dette å leika seg i vatn. Våtdraktene gjer det mogleg å vera ute i vatnet lenge om gongen utan å frysa, så om me ikkje klarer å stå så lenge om gongen på brettet, har me det kjekt uansett. Eg har vore med før, men dette året var det ekstra gode bølgjer.

Det er òg veldig kjekt å byggja relasjonar til andre familiar i kyrkjelyden på denne måten.

- *Kjem de til å fortsetta med å arrangera surfekurs, Trond Arild?*
- Me er alltid på utkikk etter gode aktivitetar som kan vera med å byggja fellesskap og skapa glede, og så langt har dette vist seg som ein svært god aktivitet som fungerer både for store og små. Men kven veit. Neste vår vert det kanskje surfing - eller noko heilt anna....




Med tanke på det aktuelle nyhetsbiletet, vil Helgedagen dela denne bøna med lesarane, Bøneboka i Norsk Salmebok nr. 109

### GRIP INN TIL VÅR REDNING

Du som førte Noah over bølgene i flommen: Hør oss.
Du som med ditt ord kalte Jona tilbake fra dypet: Fri oss ut.
Du som strakte ut din hånd til Peter da han sank: Å Kristus hjelp oss. Guds Sønn, som gjorde forunderlige ting i gamle tider:
Grip også i dag inn til vår redning.

*(Gammel skotsk bønn)*

# STEVNEMØTE MED SALMEBOKA

## INNLEDNING TIL ALLE SALMENE I NORSK SALMEBOK 2013

TEKST: ELSE MARIE BUE

Dette skriv Eide forlag om denne boka som kom ut i fjor:
- Boka har en innledning til hver eneste salme i Norsk salmebok 2013. Den gir hjelp til å åpne tekstene så en forstår mer av budskapet i salmen, men den gir også hjelp til å sette salmen inn i en større sammenheng.

For meg har det blitt mange gilde stunder med denne boka nå utan gudsteneste i kyrkja. Salmane frå radio/TV gudstenester har fått ei historie, aha-opplevingar heiter det vel. Eit eksempel kan vera historia bak Milde Jesus, som tiår etter tiår har vore ei mykje brukt dåpssalme i Norge. Forfattaren, Frans Michael Franzén (1772-1847) var svensk prest og biskop, og Vidar Kristensen seier dette:
- "Dåpssalmen har aldri kommet inn i de svenske salmebøkene, men i Norge ble den lært av nærmest alle barn etter at Nordahl Rolfsen oversatte den og tok den med i **Læsebog for folkeskolen i 1892.** Deretter ble den tatt med både i Landstads reviderte salmebok og Nynorsk salmebok".



# DEN BORTKOMNE RINGEN

***Ein heilt spesiell ring - attfunnen etter lang tid!***

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Då Timepresten Gunnar Frøyland vart pensjonist på nyåret, måtte han rydda i skuffer og skåp på kontoret sitt. Og då gjekk det som det ofte gjer når me må rydda: me finn mangt som me har lagt til sides og gløymt bort. Det gjorde Gunnar òg! Inst i ein skuffekrok fann han ein spesiell ring! Han trudde han hadde fått han innlevert etter ei gravferd i Time-kyrkja, og synte skatten til dei andre på kyrkjekontoret. - Kva skal me gjera med denne? Det var Inger-Kathrine med sitt falkeblikk som greidde å tyda nokre av namna inni ringen. Det var nemleg ein heilt spesiell giftering dette, laga av tre ringar! Namna førte dei til Kverneland - til Herborg Kverneland.



***Ringen er samansett av tre gifteringar***

Gunnar kan ikkje hugsa kven som leverte ringen til han, så det er òg eit lite mysterium. Kyrkjetenarane Marit og Gunhild er nokså sikre på at det ikkje var dei, for ein slik ring ville dei ha hugsa. Mange ulike ting har dei funne i si gjerning, gjerne òg ved at det singla i støvsugarslangen, så støvsugarposar har blitt undersøkte! Men denne ringen har dei ikkje sett.

Og Herborg hadde leita lenge etter skatten sin: i 6 år! Då ho fekk sjå ringen på kyrkjekontoret, måtte ho berre bryta ut: Det er jo min!

Herborg trur ikkje ho miste han i ei gravferd, men ved juletider. Då han vart sakna, og leitinga begynte, søkte ho over alt. Ho leita og leita og gav ikkje opp håpet, sjølv om han ikkje var å finna, korkje i vaskemaskin, i kjellaren, eller der julebaksten hadde gått føre seg. 1.juledag pleier ho og Bolette Hognestad Ree vera på høgtidsgudstenesta i Timekyrkja. Då sit dei på den gamle Hognestad-benken. At ho skulle ha mist han der, var ikkje i tankane.

Den heilt spesielle ringen er "ihopasett" av tre gull-ringar. Inni den eldste ringen står det "Din Ola". Det var mor hennar, Bothild, sin ring, og mannen var Ola Nord-sletten. Inni den andre står det "Din Trygve". og det var svigermor til Herborg sin ring: Åsta Helena Kverneland. Og siste ring har inskripsjonen "Din Tønnes" - som er mannen til Herborg. Ein gullsmed på Bryne fekk desse tre ringane monterte saman i 1980-åra.

Herborg har brukt ringen dagleg, men fingrane forandrar seg ofte med alderen, så ho har nå gjeve han bort til dot-tera Rut - til 50-årsdagen hennar i sommar.

Sjølv om her er uløyste gåter enno i soga om ringen, så enda det i alle fall godt til slutt. Eit gammalt ordtak som vart brukt i heimbygda mi, seier: Det kjem til rettes alt som ikkje er stole eller oppbrent, og det høver godt her!



***Herborg Kverneland med ringen som kom til rettes att***

# HELGEDAGEN FOR 50 ÅR SIDAN





TIME SOKNEPRESTKONTOR

Kontortenesta ved prestekontoret vert utvida med ein dag i veka. Kvar torsdag kl. 17,30—19,00 vert det kontortid på Rådhuset. Ein må då nytta same inngangen som til biblioteket. Dei andre kontortidene vert som tidlegare.

Me tek til med den nye kontordagen torsdag den 10. sept. kl. 17,30.

---

## "LAUST OG FAST" hausten 2020

**Undheim kyrkje**

**Onsdagar kl. 14.00 - 16.00**

**På grunn av korona vert samlingane oppe i kyrkjesalen**

**21. oktober:** Marit Staveland fortel frå mora, Åslaug Rommetveit, si dagbok

Terje Vold leier oss med inn i songgleda

**18. november:** Arnfinn Vigrestad fortel frå oppveksten og tida i politikken.

Kulturskuleelevar vert med

**Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre som tida høver for!**

Arr. "Laust og Fast"- komitéen






# JULEMESSA PÅ UNDHEIM

***Har sjeldan kjent meg så hjelpelaus ved skrivemaskinen som nå. Dette skulle vera eit gildt oppdrag, ei sak om arbeid til støtte for gode formål i tida før me her i gode Norge går inn i julefesten. Eg skulle skriva om julemessene. Så melder nettopp komitéen for julemessa på Undheim at i år vert det ikkje julemesse der. Kva så?***

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Eg finn fram NMS-foreningane i Time si bok, **Maskar i eit nettverk**, og les om Julemessa på Undheim:

> "Tanken om julemesse for misjonen skriv seg frå Solveig Nielsen. Ho sette fram idéen den tida mannen hennar var ungdomssekretær i NMS. Første julemesse var i Misjonshallen i Stavanger i 1948. Det synte seg å vera ein framifrå idé. Foreningane i Stavanger, på Jæren og i Ryfylke sende handarbeid, og det kom inn mange pengar på tiltaket. Messene vart årvisse og idéen fengde. Snart vart julemesser vanlege i svært mange andre organisasjonar og kyrkjer.
>
> Etter kvart tok lokale NMS-foreningar til med julemesser. I Time har det vore årlege julemesser for NMS på Undheim sidan 1982. Det var Unges Misjon som fanga idéen, og som sidan har vore drivkrafta og stått for det meste av det som har vorte utlodda og selt. Julemessa er ikkje mindre enn eit kjempeløft ved kvinner og menn. Andre foreningar i Time, som før sende handarbeid til messa i Stavanger, sender det no heller hit.
>
> Dei siste åra har ein særskilt messekomité, med medlemer både frå Undheim, Bryne og frå bygda elles, vore i arbeid året gjennom med å førebu messa. Med stor fantasi og pågangsmot lagar dei utruleg mykje fint, nytteting, pynteting og leiker. På messa kan ein få kjøpa lefser, småkaker, syltetøy og ikkje å gløyma «smalaføde». Eit fullt bord med kransekaker er til lynlotteriet, og på veggene heng verdfullt handarbeid til basaren. Årleg kjem det inn 70-80 000 kroner på julemessa.
>
> Men julemessa er meir enn sal og basar. Det er ei samling om Guds ord både for store og små, og det er eit sosialt samvær for bygda og nær sagt heile Timesokna. Kapellet er fullt. I kjellaren koser folk seg rundt småbord med kaffi og kaker eller risgraut, og drøsen går livleg. Misjonen har så mange andlet."

Denne boka, **Maskar i eit nettverk**, kom ut i 1998, og er historia om NMS-foreningane i Time 1842-1998. I redaksjonen var Målfrid Løvik - Aase Matre – Kari Solberg - Elfrid Søyland.

Vel 20 år har passert sidan dette kom på trykk. Men mange som les her kan nikka og nesten kjenna den gode julemesse-stemninga som starta rett innafor kyrkjedøra. Der sikra me oss fantastiske lefser til avhenting frå fryseboksen seinare, eller hadde sjansen på ei skikkeleg kransekake på åresal til høgre. Frå 1982 har julemessa vore ei årleg storsamling på Undheim.



***Astrid Risa, Ingvald Undheim og Mari Undheim svir «smalaføde» (frå MT)***

Så kom pandemien, og Amund Undheim, som er formann i julemessekomitéen, har dette å meddela i brev til NMS-foreningane:

"Styret for julemessa har hatt møte og drøfta korleis me også i år kan få til ei skikkeleg julemesse på Undheim. No viser det seg at gjeldande tiltak mot smitte skaper store problem ved restriksjonar for storleik av forsamling og nær sagt alle aktivitetar me har hatt, med sal av mat, osv. Julemessedagen har me sett på som ein kjekk dag for alle, store som små. Messa samlar mange pengar til misjonen, men i år må den diverre gå ut. Styret seier seg svært leie for dette vedtaket."

